




*Kossdalsvegen.* Foto: Lars Mjøs

## Rute og ymse av interesse≈

### Om Kossdalsvegen:

*Kossdalen er ein trong dal omkransa av bratte fjellsider, inne i dalen ligg Kossdalsvatnet. I tidlegare tider var nok både geit og andre husdyr flittige brukarar av beiteressursane her inne, med dei bratte men svært frodige lauvtreliene. No har delar av desse måtta vika plassen for plantefelt med gran, dette er med å gjera inntrykket av dalen enda trongare, og kan hende litt trolsk.*

*Før «nyevegen» sto ferdig i 1897 kunne det nok om vinteren vera freistande å ta snarvegen over isen på Kossdalsvatnet. Eit gamalt segn fortel*

## Route and places of interest

### About the Kossdal-road:

*Kossdalen is a narrow valley surrounded by precipitous mountains. The Kossdal Lake is located near the end of the valley. Earlier there were lush hillsides with broad- leaf forest in the area, and both sheep and goats grazed here. Now the hills also support some fir and pine, which makes the valley appear even narrower and perhaps provides an air of mystique.*

*Before the "new" road was finished in 1897 it must have been tempting to cross the lake on the ice during winter. Legend has it that an entire wedding party went through the ice and drowned here. In 1880 the state allocated funds for construction of a road between Hosanger and Fitje and the construction went on for 17 years. The stretch of road through the valley is called Kossdalsvegen and was built roughly in the middle of the construction period. It replaced an older and steeper road that once served to connect the farms of Langeland, Haugtveit, Grimstad and Svenheim to Hosanger and the church. It was built by conscripted workers from the farms in the area, which was the custom and method of financing at that time.*

*The road between Hosanger and Fitje is 6120 metres long and cost NOK 14 954.- in 1887. The part through the canyon is 360 metres long, the width about 2.5 metres and several places there are masonry walls 6 metres high. From 75 metres above sea level near Hosanger the road climbs*

**Sjå Tur 61 for reiserute og fotturar**
See Tour 61 for route and walks

*om eit heilt brurefølgje som gjekk gjennom isen her inne. Etter ei statleg løyving i 1880 vart arbeidet med bygdeveg mellom Hosanger og Fitje starta opp. Vegen sto ferdig i 1897. Vegstykket gjennom Kossdalen, som lokalt vert kalla Kossdalsvegen, vart bygd midt i anleggsperioden og avløyste ein eldre veg som var svært bratt og vanskeleg opp gjennom skaret. Vegen tente til å binda gardane Langeland, Haugtveit, Grimstad og Svenheim til Hosanger, der kyrkja låg. Vegen vart bygd på pliktarbeid, slik det var vanleg på den tida.*

*Vegen mellom Hosanger og Fitje er 6.120 m lang og kosta 14.954 kroner. Lengda på vegen gjennom skaret er 360 meter, breidda omlag 2,5 meter og einskilde stader er det bygd opp til 6 meter høge murar. Frå ei høgd på 75 m.o.h. stig vegen med 17 slynger til ei høgd av 175 m.o.h. Stigninga er i snitt 27%. Til samanlikning er stigninga i den gamle Stalheimskleiva 20%, og då var dette Nord-Europas brattaste riksveg.*

*Vilja til å ta vare på slike kulturhistoriske anlegg har auka dei siste åra, og frå 1975 har Samferdselsdepartementet løyvd midlar til restaurering av gamle vegar. I Hordaland kom arbeidet for alvor i gang i 1978 med restaurering av Kossdalsvegen. Vegen synte seg å vera i bra stand, men fekk nytt grusdekke og nokre murar vart retta opp.*

*Skilting som viser kvar vegen er og at han er av historisk verdi, vart og sett opp. I 1996 søkte kommunen saman med grunneigarane kulturlandskapsmidlar til kvisting, rydding og tynning av skog langs vegen. Søknaden vart innvilga og Mjøsdalen grenderåd utførde mestedelen av arbeidet på dugnad. Vegen er idag stengt for bilar, men open for fotturistar, syklande og køyring med hest og kjerre.*

Terreng: Bygdeveg
Tid: Ca. 1 1/2 time

Turen her startar ved å ta av Fv567 i Hosanger **(1)** og køyra den kommunale vegen til Kossdal. Etter omlag 1 km bygdeveg kjem du til parkeringsplassen ved Nyaseter **(2)**. Her er og ein rasteplass, og om ein ser godt etter finn ein restar etter ein danseplatting, ei «tribune». Vidare må du ta beina fatt innetter Kossdalen.

Ved utoset av Kossdalsvatnet, på Utløbakkane **(3)** kan ein ovanfor vegen finna rester etter dei gamle utløene. Vidare innetter vegen vil du finna fleire fine rasteplassar, ved ein av desse enda ein «tribune» Benkar er sette ut, klare til bruk, men nistekorga må du sjølv ta med.

Etter knapt 2 km kjem ein inn til der «svingane» byrjar, og går ein alle 17 vil ein få eit vakkert utsyn over dalen mot Hosangerbygda **(4)**.

Retur same veg tilbake til parkeringsplassen. Når du kjem ned til Mjøsvågen **(1)** er det gamle kulturhistoriske miljøet her verd ein stopp. Her er naust, verkstader, restar etter meieri og dampskipskai. Av bedrifter som er her og har vore her kan ein nemna metallstøyperi, kisteverkstader, treskoverkstad, møbelfabrikk, gjerdenotfabrikk. Den vakre Hosangerkyrkja frå 1796 ligg som eit landemerke på Holme.

Vis varsemd, og ta vare på natur og kultur for etterslekta.

***God tur.***

*through 17 hairpin turns to an elevation of 175 metres. The incline is 27% on the average. This compares favourably with the 20% grade in the old Stalheimskleiva north of Voss, which once was the steepest state road in Northern Europe.*

*There is a growing awareness of the cultural importance of these old roads and starting in 1975 The Department of Transportation has repeatedly allocated funds for the restoration of these national monuments. When funds became available in Hordaland in 1978, Kossdalsvegen was first priority. The roadbed was in surprisingly good condition, but some stone walls were straightened and a new coat of gravel was applied.*

*Signs now show where the road is and information boards provide historical details. In later years the Osterøy municipality has covered cash outlays in connection with brush clearance and thinning along the road, while the locals have volunteered the labour. The road is now closed to cars but is open to hikers, bikers and those with a horse and carriage.*

Terrain: Local road
Time: About 1+ hours

The tour starts from Fv567 in Hosanger **(1)** where you take the local road to Kossdal. The parking area at Nyaseter **(2)** is reached after about 1 km. There is also a small rest- area here, and if you look closely you'll find the remains of an old "dance-platform" which was used on Saturday nights not so long ago. From here you have to walk to get into Kossdalen (the Koss valley).

At the outlet from Kossdalsvatnet by Utløbakkane **(3)** you can find the foundations of the old hey barns that gave the place its name. Further along the road there are several fine rest areas, and near one of these there is still another dance-platform. Benches are provided but you have to bring your own lunch.

After about 2 km you reach "svingane" or the hair-pin turns. Those who manage to walk all 17 turns are rewarded with a magnificent view of the valley below and the hamlet of Hosanger **(4)**.

Return the same way to the parking area. When you return to Mjøsvågen **(1)** the historical and cultural environment here is definitely worth a stop. Here you fin old boathouses, workshops for boat making and the foundations of a dairy and a steamship quay. Industrial activities past and present include metal casting, production of wooden chests, wooden shoes, furniture and fishing nets. On the small peninsula in the harbour is the beautiful Hosanger Church from 1796. Don't miss it.

Please be careful and help us preserve natural and cultural values for future generations.

***Have a nice trip.***

***Hugs:***
*Grunneigarane har opna opp for turvegen, og alle som fylgjer veg og sti må forvalta denne invitasjonen på best mogeleg måte. Hugs og lat att grindar, ver var om dyr i marka, og far fint med naturen. Ver merksam på lokale reglar for bandtvang for hundar. Sjølv om fotturane er lagt godt tilrette og merka, kan det alltid vera noko som endrar seg, eller synest å mangla. Dei som har lagt turane tilrette, tar ikkje ansvar for skader eller anna som måtte skje under turen. Turen blir gjennomført på eige ansvar og risiko.*

***Remember:***
*The landowners have opened their land to visitors, and no-one using the roads or paths should abuse this invitation. Remember to close gates behind you, don't disturb or feed animals, and take care with nature. Dogs must be on a lead. Although the walks are well marked and prepared, things may change, or appear to be missing. Those responsible for laving out the walks do not accept any responsibility whatsoever for any injury or damage caused during any participation in any or all walks.*

Lagt tilrette og utgitt av Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland,
Landbruksavdelinga og Hordaland og Bergen Reiselivsråd.

**Kopiering er ikkje tillatt All rights reserved.**



BODONI HUS